

Overnattingstur for mellomsteget til Veitastrond måndag 17.-tysdag 18.juni

No er me klare for den årlege felles overnattingsturen. Mellomsteget frå Hafslo og Solvorn reiser saman til Veitastrond. Deler av opplegget er del av Den kulturelle skulesekken, der emne er stølen og garden som matvarefabrikk. Nokre av elevane skal sykle heim frå Veitastrond tysdag føremiddag. Dei det gjeld, må hugse å møte med sykkel og hjelm i tillegg til resten av bagasjen, så fraktar me syklane fram til Veitastrond i hengjar. Vaksen sykklar saman med elevane til Hafslo.



Plan for turen:

Måndag 17. juni

kl.09.00: Frammøte ved Billaget på Hafslo. Dei som skal sykle må levere desse på skulen på parkeringsplassen ved Vidaregåande. Me tek buss fram på Veitastrond.

Når me kjem fram, legg me av bagasjen på skulen, **bortsett frå nistesekken**. Så køyrer bussen vidare fram til Motet.

Om lag kl. 12: Grilling på Nyestølen.

Aud Marit Hilleren møter oss. Ho vil fortelje oss om Veitastrond, litt og historia til bygda, gode historiar frå bygda og om stølsdrift.

Kl. 16.00: Me besøker Kurt Heggstad. Her skal me få helse på geitene og vere med på mjølkinga.

Må går/syklar ned til skulen kor me sett opp telteleir og har det kjekt. Me lagar enkel kveldsmat.

Lærarane går vakt på omgang heile natta.

Tysdag 18.juni Etter frukost tek vi ned telta og pakkar.

Me besøker ysteriet til Kurt Heggstad kor me får sjå på, og smake geitemjolk.

Kl. 13: Me tek bussen heim til Hafslo og er på plass på Hafslo billag (truleg litt før) kl.14. All bagasje blir satt av på buss-stasjonen.

Dette må elevane ha med på turen:

-Telt (dette blir bestemt i klassane)

-Sovepose + liggjeunderlag

-Toalettsaker

-Gode kle og sko

-3 nister (stor niste til heile dagen måndag+ lunsj tysdag)

-Grillmat

-Rikeleg med drikke

-Snop (max 50 kr.) + evt. Brus

-Dei som ynskjer det kan ta med fiskestang.

All mat må merkast med namn. Vi legg den i kjøleskåpet på skulen når vi kjem fram.

-Elevane kan ta med mobil, slik at dei som vil kan ta bilete og sende eit pip til heimen, men hugs at me er på **sosialtur**... ;)

- Tursekk måndag MÅ innehalde 1 nistepakke, grillmat, ekstra kle, regnkle, drikke.

Vel møtt til kjekke dagar på Veitastrond der kultur og trivsel står i sentrum!

Helsing alle oss vaksne på mellomsteget.